

Nei til utbygging av vindkraft i Kvinnherad/høyring til Nasjonal ramme for vindkraft

Tur i Kvinnhersfjella

Eg går med mine varsame skritt
Eg tek eit og to
Eg kan laga ferske spor
Eg har blåber på ei snor

De går med dykkar profitt
De tek og tek
Dykkar spor går aldri vekk
De krev ei stor kWh-snor

Kvinnherad kommune har bygd ut 85% av vasskrafta vår. Vi bidreg med heile 3% av den grønne energien til Norge. Vi er glad for at Norge har så mykje grøn energi, og vi er stolte av at kommunen bidreg så godt i miljørekneskapen til landet. Men vi som bur her bur her for ein grunn: vi elsker naturen slik han er. Vi har nok inngrep i naturen vår med dammar og fyllingar, skogsvegar og anlegg. Vi har dei fyrste alpine fjella i Norge, dei fyrste om du går nordover frå Alpane. Vi har Folgefonna nasjonalpark og eit stort landskapsvernområde. Men vi kan ikkje gle oss over dette store verneområdet om det skal kjennast som å vere baby i ei leikegrind, der grinda er laga av vindturbinar og stålsøyler, oppstillingsplassar og anleggsvegar.

Vi vil behalda fjella slik dei er. Vi seier nei til utbygging av vindmøller i Kvinnherad!

Venleg helsing
Solfrid Hellesøy Siqveland
Rosendal
26.09.2019